



Gunnar Holtan
Seimsvegen 144
5260 INDRE ARNA

Referanser:
Dykkar:
Vår: 16/197 - 16/2084

Saksbehandlar:
Tone Margrethe Berland Furustøl
tone.furustol@lindas.kommune.no

Dato:
04.02.2016

Førebels svar - trong for tilleggsinformasjon - gbnr 137/400 Alver

Tiltakshavar: Gunnar Holtan
Ansvarleg søkjar:
Søknadstype: Søknad om løyve til tiltak utan ansvarsrett etter plan- og bygningslova (pbl.) § 20-1.

Kommunen stadfestar å ha motteke dykkar søknad om løyve til tiltak den 19.01.2016.

Søknaden gjelder fasadeendring, påbygg samt bruksendring av tilleggsareal til hovuddel.

Mottakskontroll

Kommunen har hatt ein førebels gjennomgang av søknaden og finn at den ikkje er fullstendig, jf. byggesaksforskrifta (SAK) § 5-4.

1. Det må opplysast om tiltaket krever inngripen i bærande konstruksjonar. Dersom så er tilfellet, er tiltaket så omfattande samla sett, både med fasademessig og med innvendige endringar, at det krevast søknad med tiltak om ansvarsrett, jf. plan og bygningsloven kapittel 20 .
2. Det følgjer av plan for «Alversund utmark. Gnr 137 bnr 13 m.fl» med arealplanid.: 1263-22011973 at utnyttinggrad for eigedom i område B2 skal vere 0,08:

BYGGJEOMRÅDE FOR BUSETNAD

§ 2.

Det skal berre byggjast fritt liggjande bustadhus med tilhøyrande garasjer. Vertikaltdelte tomannsbustader kan etter bygningsrådet sitt skjønn tillatast på tomter som naturleg kan delast i to parsellar, og som elles eignar seg for slike bustader. I felte merka B 1 og B 2 skal maskimale utnyttingsgradar vera 0,10 og 0,08 i same følgd.



Utnyttingsgrad for eigedomen må opplysast. Det er tiltakshavar som skal opplyse om utnyttingsgraden for eigedomen.

3. Det ser ut som om tiltaket overstiger utnyttingsgrad. Bygging av ny veranda med tak krever då dispensasjon. Dispensasjonen må nabovarslast. Det er sjølve verandraen som krever dispensasjon uavhengig om det velges tak eller ikkje, jf. spørsmål i e-post av 29.01.2016. Det er i e-post av 06.01.2016 bekrefta av byggesaksvakta at det ikkje er nødvendig med dispensasjon for «innlemming av overbygd balkong i stueareal.»
4. Situasjonsplanen er ikkje påført ytre hovudmål. Både innkledning av overbygd balkong i stueareal samt ny utvendig terrasse med tak må målsettast. Situasjonsplanen skal også påførast avstand til nabogrense som skal målast frå tiltaket til eigedomsgrense.
5. Det ser ut som om både innkledning av overbygd balkong i stueareal samt ny utvendig terrasse med tak, er nærare nabogrensa enn 4m. Tiltaket krever då avstandserklæring frå nabo eller det må søkast dispensasjon får plan- og bygningslova § 29-4 for plassering nærare enn 4 meter.

Kommunen ber om at tilleggsinformasjon vert sendt inn samla innan 19.02.2016. Dersom informasjonen ikkje er sendt til kommunen innan fristen, vert saka arkivert utan vidare handsaming.

Kommunen gjer merksam på at lista over manglar ikkje er uttømmende. Søknaden bør gjennomgåast på nytt før innsending av den etterspurte dokumentasjonen.

Sakshandsamingsfrist

Tidsfristar for sakshandsaming går fram av plan- og bygningslova § 21-7, jf. SAK § 7-1. Tidsfristane vert rekna frå søknaden er komplett og klar for handsaming, jf. SAK § 7-2 (1). Søknaden er ikkje komplett, og har soleis ingen tidsfrist.

Med helsing

Siril Sylta
avdelingsleiar

Tone Margrethe Berland Furustøl
rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakarar:

Gunnar Holtan

Seimsvegen 144 5260

INDRE ARNA